
Saksnr: 2021/2704-3
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren
Dato: 22.02.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Skulefrukostordning - oppfølging og forskingsprosjekt

Fylkestinget vedtok i PS 14/2019 - Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 verbalpunkt 13. Skulefrukost: *Gjeld heile Vestland, med implementering i Sogn og Fjordane frå nytt skuleår.*

Fylkesrådmannen har frå skuleåret 2020/2021 innført gratis skulefrukost på alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

For 2021 er det sett av 10 mill. kr som skal fordelast slik:

- tilskotet til skulane blir fordelt etter tal elevar ved skulen
- tilskotet skal nyttast til råvarer til frukost
- skulane avgjer sjølve kva dei vil servere og korleis dei vil organisere den praktiske gjennomføringa av skulefrukost

Fylkesrådmannen ser det som viktig at alle elevane i Vestland fylkeskommune får eit gratis måltid i løpet dagen. Skulen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring. Skulefrukost er eitt av fleire helsefremjande tiltak og har som mål å:

- å utjamne sosiale ulikskapar i helse
- gi eleven betre grunnlag for læring ved å få tilført sunne næringsstoff som kan betre konsentrasjonen og skuleprestasjonar
- fremje sosialt fellesskap og miljø på skulen.

Samarbeid med folkehelseinstituttet om skulematundersøking.

Dei tre største fylka i Noreg har mål om å tilby gratis skulemåltid til alle elevar. Tiltaket varierer i innhald og omfang, men felles mål for alle er at tiltaket skal redusere sosial ulikskap i elevane sitt kosthald, forbetre læringsmiljøet og skuleprestasjonar for å auke gjennomføring.

Det er lite forskning på effekten av gratis skulemåltid både i Noreg og internasjonalt. Fylkesrådmannen har innleia eit samarbeid med FHI om skulematundersøkinga og meiner det er viktig at Vestland fylkeskommune deltek i prosjektet for å:

- samarbeide med forskingsmiljø

- samarbeide med ander fylker. Det gir nyttig erfaring korleis eit skulemåltid kan organiserast og gjennomførast for å nå alle elevane.

Folkehelseinstituttet og Vestland fylkeskommune gjennomfører skulematundersøkinga på dei vidaregåande skulane i Vestland. Det er ei kort og enkel spørjeundersøking om mat- og måltidsvanar, trivsel, konsentrasjon, læring og sosioøkonomisk status. Undersøkinga er anonym, og det er frivillig for elevane å delta.

Undersøkinga blir gjennomført i vekene 10-12 2021.

Fylkesrådmannen vil bruke resultatane frå forskinga i det vidare arbeidet med å gjere skulen til ein god plass å vere for alle elevar og gi dei gode føresetnader for gjennomføring av vidaregåande opplæring.